

Pressemelding, 19. april 2016

## **Aukinga i søkjartala til høgare utdanning held fram**

**132 021 personar har per 16. april 2016 søkt til høgare grunnutdanning gjennom Samordna opptak ved Felles studieadministrativt tjenestesenter (FSAT). Dette er omtrent 4000 fleire søkjarar enn i 2015, det vil seie ei auking på 3,2 %.**

- Vi stadfestar at søking til høgare utdanning held fram. Vi ser også at søkjarane følgjer med på samfunnsutviklinga og verkar å ta reflekterte val, seier direktør i FSAT, Grete Christina Lingjærde.

## **Utdanningsområder og -typar**

8 utdanningsområder har oppgang i søkinga, mens 8 andre utdanningsområder går ned samanlikna med søkinga i fjor.

Ser vi på kombinasjon av utdanningsområde og utdanningstype er aukinga størst for sjukepleiar (19,9 %), reseptar (19,8 %), landbruk (19,6 %) og vernepleiar (17,8 %).

Innanfor lærarutdanningane ser vi ei markant auking til faglærarutdanning (12,2 %). Det er også auking til både 5-årig integrerte lektorutdanningar og grunnskulelærarutdanning 5.-10. trinn på høvesvis 6,9 % og 2,9 %. Barnehagelærarutdanninga har 3,6 % fleire søkjarar samanlikna med året før. Grunnskulelærarutdanning 1.-7. trinn har derimot ein nedgang på 11,0 %.

Innanfor helsefag er det sjukepleiar som har den største aukinga frå i fjor med 19,9 % oppgang, men også radiograf og ergoterapi er blant utdanningstypene med stor prosentvis oppgang.

Søkinga til realfag som hadde solid oppsving i fjor (på +11 % samanlikna med 2014), har ein nedgang i år på 1,3 %. Maritime fag (- 16 %), idrett (- 13,9 %), integrert master i teknologi, tidlegare sivilingeniør (- 8,1 %) har også færre søkjarar enn i fjor.

## **Etterspurte statistikkar**

Fleire statistikkar, blant anna kva for studium som har flest førstevalssøkjarar, flest førstevalssøkjarar per studieplass og søkjarar fordelt på lærestad finn de på:

[www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall](http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall)

Vidare plan for offentleggjering av statistikk finn de i informasjonsplanen for Samordna opptak:

[www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html](http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html)

## **Kontakt lærestadene:**

[www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/](http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/)

## **Kontakt Samordna opptak:**

<http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-media/>